

Rune Skarstein

## **USA: ØKONOMISKE OG SOSIALE ENDRINGAR I EI HEGEMONIMAKT I TRENGSEL<sup>1</sup>**

Sidan slutten av 1990-åra har det vore ein brå nedgang i sysselsettinga i USAs industri. Eg prøver å vise at det er ein nær samanheng mellom denne nedgangen og den grassate auken i økonomisk ulikskap, med lønnsstagnasjon, deklassering særleg av den kvite arbeidarklassen, større ulikskap i befolkninga si helse, auka ulikskap når det gjeld tilgang til bustadar og auka ulikskap innan utdanning som i jamt større grad privilegerer den rikaste delen av befolkninga. Industrien har vore ein høglønnssektor som sette målestokk for løningane i resten av økonomien. Den brå nedgangen i industrisysselsettinga, dermed også i fagrørsla, sidan slutten av 1990-åra, innebar generell svekking og splitting av den amerikanske arbeidarklassen og opna for raskt aukande økonomiske og sosiale forskjellar.

### **Globalisering og industrinedgang**

I heile perioden etter den andre verdskrigen og fram til ganske nyleg har dei amerikanske elitane øvd påtrykk for (meir) liberalisering av internasjonal handel, investeringar og finanstransaksjonar. Denne politikken har vore basert på ideen om at ingen andre land kan utfordre USA når det gjeld teknologisk utvikling, industriell produktivitet og profitabilitet. Derfor har dei politiske elitane spelt på lag med storkapitalen, nemleg å søkje dit kostnadene, først og fremst arbeidskostnadene, er lågast og profittane høgst. Gjennom økonomisk liberalisering skulle den amerikanske kapitalen erobre stadig nye reservar av disiplinert og billeg arbeidskraft og stadig nye marknader. Globaliseringa var i hovudsak driven fram av USA, både gjennom WTO og gjennom USAs rundt 20 bilaterale investerings- og handelsavtaler. Gjennom denne prosessen har amerikanske industri- og finansselskap hausta enorme profittar, og teknologiselskapa har skaffa seg stadig større rikdom og makt. Det har skjedd ikkje berre gjennom utflytting av produksjon, men kanskje endå meir gjennom flytting av profittmassen til såkalla skatteparadis. Ein stadig større del av amerikanske selskap sine samla profittar utanlands er blitt bokført i skatteparadis, i hovudsak i Irland og Bermuda. Denne delen auka frå rundt 5% i 1970 til 60% i 2019.<sup>2</sup>

Særleg etter tusenårsskiftet har globaliseringa av amerikansk industri teke to former. For det første ekspansjon av globale såkalla teknologiselskap, som heller burde bli kalla kommunikasjonsselskap. For det andre oppbygging av kompliserte verdikjeder der komponentar til ferdige produkt blir produserte i

forskjellige verksemdar i ulike land. Til dømes General Motors si verdikjede inkluderer rundt 20.000 bedrifter globalt. Ingen amerikansk bilprodusent importerer mindre enn 20% av komponentane frå utlandet. Boeing importerer ca. 30% av delane i flyproduksjonen. Andre amerikanske selskap som Nike og Apple har flytta ut («offshored») heile produksjonen, til land som Vietnam, Kina og Indonesia.<sup>3</sup> (For ein analyse av dei internasjonale verdikjedene sitt omfang og dynamikk, sjå Olav Fagerlids artikkel i dette Vardøger.)

UNCTAD estimerer at i 2019 var ca. 27% av verdshandelen knytt til verdikjeder.<sup>4</sup> I ein studie av 40 land har forskarar i ILO funne at i 2013 jobba over 450 millionar arbeidarar i bedrifter knytte til internasjonale verdikjeder. Det representerte vel 20% av den samla sysselsettinga i desse landa. Kina hadde hovuddelen av denne sysselsettinga, med 39% av alle arbeidarar globalt som jobba i verksemdar knytte til verdikjeder. 29 millionar (16%) av desse arbeidarane jobba i verksemdar med USA som den viktigaste eksportdestinasjonen.<sup>5</sup> Fleire studiar viser at Kina med sine massar av billeg, disiplinert og tilstrekkeleg utdanna arbeidskraft er navet i eit komplekst system av verdikjeder. Verksemdar i Kina importerer råvarer og komponentar særleg frå Japan, Sør-Korea, Taiwan, Brasil, Indonesia, Australia, ja også frå USA og Tyskland. Desse komponentane og råvarene går inn i produksjonen av meir gjennomarbeidde varer eller ferdigvarer som i hovudsak blir eksporterte til USA og Europa.<sup>6</sup> Til dømes hadde USA i 2014 eit underskot med Kina på 141 milliardar dollar i handelen med informasjons- og kommunikasjonsteknologi og optiske instrument. Men berre 41% av den totale bearbeidingsverdien i dette underskotet var kinesisk, medan nær 60% skreiv seg frå importerte komponentar og råvarer som hadde gått inn i Kinas produksjon for eksport til USA.<sup>7</sup>

WTO understrekar at ein stor del av verksemdene i Kina knytte til verdikjeder er amerikanske og delvis japanske: «Handelsstatistikken etter eigarskap frå *China Customs* stadfestar at Kinas handelsoverskot med USA for industrivarer i hovudsak var skapt av utanlandsk eigde verksemdar og *joint venture* selskap.... [I] dei seinare åra har meir enn halvparten av Kinas eksport av informasjons- og kommunikasjonsteknologi vore produsert av utanlandsk eigde bedrifter.»<sup>8</sup>

Dette bildet viser at amerikansk kapital har utvikla ein heilt ny og svært aggressiv akkumulasjonsmodell: På den eine sida etablering av «teknologiselskap» som er sterkt eksportorienterte og utbytter både arbeidskraft og konsumentar over store delar av kloden. På den andre sida industriar vevde inn i internasjonale verdikjeder som er baserte på utbytting av billeg arbeidskraft og lettare tilgang til marknader.

Det er eit felles trekk ved utviklinga i «modne» kapitalistiske økonomiar at industriens del av BNP og industrisysselsettinga som del av samla sysselsetting går ned over tid. Det har også skjedd i USA. Men spørsmålet er om

globaliseringa, spesielt opninga mot Kina, har akselerert denne prosessen. Fram til slutten av 1970-åra auka den absolutte sysselsettinga i industrien og var deretter stabil på litt under 18 millionar arbeidsplassar fram til år 2000. Etter år 2000 har det skjedd ein rask reduksjon til 12,8 millionar sysselsette i 2019. Samtidig har også industriens del av samla sysselsetting blitt halvert, frå 15,2% i 1997 til 7,9% i 2019 (jf. tabell 1).

Fleire studiar konkluderer med at globaliseringa, spesielt konkurransen med kinesiske industrivarer, har ført til redusert industrisysselsetting i USA. Desse studiane er svært ulike når det gjeld metode, periodisering og resultat. Men sjølv om dei spriker veldig, konkluderer alle med at USA i større eller mindre grad har tapt industriarbeidsplassar gjennom aukande import frå Kina.<sup>9</sup> Det som i alle fall står fast, er at i den korte perioden 1997–2019 vart sysselsettinga i USAs industri redusert med 4,8 millionar (27%), og at industriens del av samla sysselsetting vart nær halvert i denne perioden. (Jf. tabell 1.)

*Tabell 1. Relativ storleik på industrisektoren og industrisysselsettinga i USA*

År	Industriens del av BNP.	Sysselsetting i industrien		Industriens del av BNP minus del av sysselsetting
	Prosent	Millionar	Prosent av total	
1957	26,9	15,7	33,0	-6,1
1967	25,2	18,0	27,0	-1,8
1977	21,6	18,5	22,7	-1,1
1987	17,1	17,8	17,3	-0,2
1997	16,1	17,6	15,2	+0,9
2007	12,8	13,8	11,2	+1,6
2019	11,0	12,8	7,9	+3,1

Kjelder: US Bureau of Economic Analysis (BEA), april 2020; US Bureau of Labor Statistics (BLS), 2021; Robert E. Yuskavage og Mahnaz Fahim-Nader, *Gross Domestic Product by Industry for 1947–86*, US Bureau of Economic Analysis, desember 2005.

Ein stor del av anna verksemd er avhengig av industrien, spesielt i lokalsamfunna der bedriftene ligg. Til dømes for 2013 er det blitt estimert at i tillegg til jobbane i industrien var over 17 millionar arbeidsplassar avhengige av industrien.<sup>10</sup> Nedgangen i industrisysselsettinga har hatt store konsekvensar for mange lokalsamfunn ved at sysselsettinga i næringer i omlandet, som verkstader, handel, tenesteyting og utdanningsinstitusjonar er blitt trekte med i dragsuget.

### **Industrinedgang og sosioøkonomisk deklassering**

Tradisjonelt har amerikansk industri vore ein sektor med relativ høge lønningar, spesielt for ufaglærte arbeidarar. Tidleg på 1900-talet var det framleis tilgang på billeg eller gratis land i USA. Immigrantar med litt kunnskap om jordbruk trengde ikkje melde seg for dårleg betalte jobbar i den raskt veksande industrien. Der var det mangel på arbeidskraft, også ufaglært. Industripioneren Henry Ford løyste dette problemet på to måtar. For det første standardiserte han produksjonen og innførte samleband. (Dei første samlebanda vart installerte i Fords bilfabrikk i Highland Park i 1913.) I 1914 innførte han for det andre 8 timars arbeidsdag og dobla samtidig lønna for ufaglært arbeid til 5 dollar dagen. Med desse tiltaka fekk han ufaglærte innvandrarar frå Aust- og Sør-Europa til å orke å stå ved samlebanda. Fords tiltak skapte ein flaum av profitt til han og medeigarane. Dessutan resulterte dei i ein produktivitsvekst som ga amerikansk bilindustri eit stort forsprang. I 1935 var arbeidsproduktiviteten i dei amerikanske bilfabrikkane nær tre gongar større enn i dei britiske.<sup>11</sup>

Det høyrer med til historia at seinare, då det ikkje lenger var mangel på arbeidskraft, gjekk Ford bort frå den rause lønnspolitikken. Han tok dessutan i bruk brutale metodar for å hindre at arbeidarane organiserte seg. Men høg-lønnspolitikken vart ført vidare gjennom Rooseveltts New Deal. I 1935 vedtok Kongressen *The National Labor Relations Act* (NLRA), ofte kalla Wagner-lova, som av mange blir betrakta som den viktigaste arbeidslivslova i amerikansk historie.<sup>12</sup> Utan tvil representerte NLRA høgdepunktet i den amerikanske arbeidarklassens styrke i forhold til kapitalen. NLRA stadfesta arbeidarane sine rettar, inklusive retten til fri fagorganisering, kollektive forhandlingar og streik. Arbeidarane fekk vern mot usaklege oppseiingar. Arbeidsgivarane måtte godta at fagorganisasjonar forhandla på vegne av sine medlemmer, og dei kunne ikkje diskriminere fagorganiserte ved tilsettingar. Dette innebar at dei måtte akseptere såkalla «closed shop», dvs. å tilsette berre fagorganiserte arbeidarar.

Under NLRA vart det ein veldig vekst i fagorganisasjonane som hadde brei folkeleg støtte.<sup>13</sup> I krigsåra protesterte arbeidarane mot at dei ikkje fekk del i det økonomiske oppsvinget. Dei kortvarige streikane i 1943-44 førte til avbrot i krigsproduksjonen. Det gjorde at den folkelege støtta til fagorganisasjonane vart svekka. Dessutan betrakta militærvesenet arbeidarane si organisering som skadeleg for krigsinnsatsen og tok fleire initiativ for å undergrave fagorganisasjonane si makt.<sup>14</sup>

I åra 1945-47 var det ei rekkje store streikar med krav om lønnsauke i takt med veksten i profittane under det økonomiske oppsvinget. I februar 1946 var nær to millionar arbeidarar i streik eller andre arbeidskonfliktar. Dette ga Kongressen, kontrollert av det republikanske partiet, eit påskot til å stramme kraftig inn på arbeidarane sine rettar. I juni 1947 vedtok

Kongressen, med veto frå president Truman, ein drastisk revidert versjon av NLRA, den såkalla Taft-Hartley-lova. 28 demokratiske kongressmedlemmer karakteriserte denne lova som «ein ny garanti for industrielt slaveri». Taft-Hartley påla ein «nedkjølingsperiode» på 80 dagar før ein arbeidskonflikt kunne gå over i streik etter godkjenning i ein føderal rett. Dessutan forbaud lova mellom anna «samfunnsskadelege» streikar, solidaritetsstreikar, boikottstreikar og politiske streikar, «closed shops» og pengegåver frå fagorganisasjonar til politiske kampanjar. Alle tillitspersonar og tilsette i fagforeiningar måtte legge fram ei skriftleg fråsegn og dessutan forsikre ved eid at dei ikkje var kommunistar.<sup>15</sup>

Med den såkalla Detroit-avtalen (*Treaty of Detroit*) av 1950 vart det innført ei slags våpenkvile mellom arbeid og kapital. The United Auto Workers (UAW) signerte ein avtale med bilindustrien som ga dei helseforsikring, pensjonar, lønnsvekst og eit visst sysselsettingsvern under økonomisk nedgang. Lønnsveksten skulle vere knytt til produktivitetsveksten, som innebar uendra lønns- og profittandel. Til gjengjeld lova UAW å ikkje blande seg inn i interne forhold i produksjonen og avskaffe bruk av streikevåpenet i fem år frå avtaledato. Denne avtalen bidrog sannsynlegvis til at kollektive forhandlingar vart meir vanlege, at streikeaktiviteten gjekk sterkt ned i dei følgjande åra, og at ufaglærte industriarbeidarar inntil vidare vart sikra sysselsetting med relativt gode lønningar.<sup>16</sup>

Som Robert Scott har påpeika: «Industriektoren sysselset ein større del arbeidarar utan ein college-grad enn resten av økonomien totalt. ... Han er spesielt viktig når det gjeld å skaffe jobbar med gode lønningar til arbeidarar utan ein collegegrad.»<sup>17</sup> I 2012–2013 var den gjennomsnittlege «lønnspremien» for industriarbeidarar utan college-grad 1,78 dollar per time, som var 11% over den nasjonale gjennomsnittslønna for alle arbeidarar utan collegegrad.<sup>18</sup> Så lenge industrisysselsettinga var høg, iallfall ikkje fallande, representerte den industrielle lønnspremien ei effektiv bremse på lønnsreduksjonar i andre sektorar.

Ein effekt av nedgangen i industrisysselsettinga var ein sterk relativ reduksjon i lønningane til dei ca. 100 millionar arbeidarane med mindre utdanning enn college. Lønnsgapet mellom industriarbeidarar med og utan collegegrad auka frå 41% i 1989 til 51% i 2011 og har sannsynlegvis halde fram å vekse. Økonometriske studiar tyder på at over 90% av veksten i dette lønnsgapet skuldast press på lønningane som følgje av aukande vareimport frå låglønnsland, medan vel halvparten av desse 90% skuldast den aukande importen av industrivarer frå Kina. For 2011 vart det berekna at globaliseringa innebar eit gjennomsnittleg lønnsstap for ein fulltids arbeidar utan collegeutdanning på 1760 dollar per år, og at 560 dollar av dette beløpet skuldast auka handel med Kina.<sup>19</sup> Arbeidarar utan collegegrad som miste industrijobbar, men fekk arbeid innan såkalla skjjerma («nontraded») sektorar som handel og anna tenesteyting, fekk i gjennomsnitt ein lønnsreduksjon på

over 20%.<sup>20</sup> Det har skjedd ei degradering der relativt høgtlønna arbeidarar i industrien blir «overflødige» og tvinga over i lågt lønna og usikre jobbar. Ein stor del av den gamle industriarbeidarklassen og endå meir etterkomarane deira må ta til takke med usikre jobbar som «arbeidande fattige» i til dømes Walmart, Amazon eller Uber.<sup>21</sup>

Tabell 2. Prosent registrerte arbeidslause og prosent heilt ute av arbeidslivet («heilt utanfor») etter etnisitet og grad av utdanning

År	Kvite		Svarte		Mindre enn high school		High school Ingen college		Bacehlor grad eller høgere	
	Arb- løyse	Heilt utanfor	Arb- løyse	Heilt utanfor	Arb- løyse	Heilt utanfor	Arb- løyse	Heilt utanfor	Arb- løyse	Heilt utanfor
2000	3,5	32,7	7,6	34,2	6,3	56,5	3,4	35,6	1,7	20,6
2007	4,1	33,6	8,3	36,3	7,1	53,4	4,4	37,2	2,0	22,2
2018	3,5	37,2	6,5	37,7	5,6	53,8	4,1	42,5	2,1	26,2

Kjelde: Prosent heilt ute av arbeid er rekna ut som 100% minus yrkesfrekvens i %. Yrkesfrekvensen, også kalla graden av yrkesdeltaking, er etter BLS sin definisjon den delen av befolkninga innafør ei aldersgruppe/sosial gruppe som er i arbeid/utdanning eller som aktivt søker arbeid/utdanning. Yrkesfrekvens etter utdanning gjeld personar som er 25 år eller eldre.

Kjelde: «Labor force participation: what has happened since the peak?», *Monthly Labor Review*, U.S. Bureau of Labor Statistics (BLS), september 2016; «Labor force characteristics by race and ethnicity, 2019», BLS Report 1088, desember 2020; og «Labor force participation by level of education», BLS 2021. Med «svarte» meiner BLS den etniske gruppa som også går under nemninga afro-amerikanarar.

Men fleirtalet av arbeidarane som vart støytt ut frå industrien, gjekk ikkje til ein annan jobb. Ein studie frå NBER finn at to tredjedelar av arbeidarane utan college som miste jobbar i industrien grunna importkonkurranse frå Kina, enda opp utanfor arbeidslivet. Heile 84% av arbeidarane i den eldste gruppa (50–64 år) forsvann frå arbeidslivet.<sup>22</sup> Sidan sysselsettinga i industrien har vore dominert av kvite arbeidarar, kan dette iallfall delvis forklare kvifor delen kvite arbeidarar heilt utanfor arbeid har auka spesielt mykje, frå 32,7% i år 2000 til 37,2% i 2018. Dermed har delen kvite arbeidarar utanfor arbeidslivet blitt praktisk talt lik den tilsvarande delen svarte arbeidarar i 2018 (tabell 2). I gruppa med mindre enn high school var over 50% heilt utanfor arbeid i perioden 2000–2018. Viktig er det også å merke seg at i gruppa med mindre enn college auka delen heilt utanfor arbeid frå 35,6% i år 2000 til 42,5% i 2018 (jf. tabell 2).

I tillegg til arbeidsløysetrygd er det i USA spesielt to offentlege støtteordningar til dei som av ulike grunnar blir arbeidslause eller hamnar utanfor arbeidslivet: SSDI (Social Security Disability Insurance) og TAA (Trade Adjustment Assistance). TAA skal gi støtte til arbeidarar som forbigåande har mist jobben på grunn av importkonkurranse. SSDI er sikta inn mot

arbeidarar som blir kronisk sjuke eller arbeidsuføre. Etter europeisk målestokk er begge desse ordningane for knappe til å sikre stønadsmottakarane eit verdig liv.<sup>23</sup> Ein samanfattande rapport frå NBER presiserer at, «For regionane som er mest påverka av kinesisk import, er den estimerte auken i SSDI-betalingar per capita meir enn 30 gongar større enn den estimerte auken i TAA-betalingar..»<sup>24</sup>

Dette betyr også at dei fleste industriarbeidarar som har mist jobben i importkonkurransen, sannsynlegvis blir verande heilt utanfor arbeid resten av livet. At 37% av den kvite befolkninga i såkalla arbeidsfør alder er heilt ute av arbeidslivet, er eit nytt fenomen i USA (jf. tabell 2). Dette bildet blir ikkje mykje endra om vi tek med befolkninga i fengsla som blir rekna som ute av arbeidslivet i statistikken og der dei svarte framleis er sterkt overrepresenterte.<sup>25</sup>

Det er vel muleg at globaliseringa og importkonkurransen har vore ei hovuddrivkraft bak redusert sysselsetting, lønnsfall og ekskludering frå arbeidslivet for industriarbeidarar med mindre utdanning enn college. Men svake fagforbund og fallande organiseringsgrad har svekka arbeidarane sin motstand i denne prosessen. For økonomien totalt har organiseringsgraden gått ned frå ein historisk topp på 34% i 1954, til 20% i 1983, 13,4% i år 2000 og 10,5% i 2018. Berre i perioden frå år 2000 til 2019 gjekk organiseringsgraden i industrien ned frå 14,9% til 8,6%. Organiseringsgraden har gått mest ned i privat sektor, frå nær 40% i 1955 til 6,2% i 2019. I offentleg sektor er det derimot framleis relativt høg organiseringsgrad, med gjennomsnittleg 33,6% i 2019.<sup>26</sup>

I takt med lågare organiseringsgrad er også den føderalt fastsette minimumslønna blitt redusert. I perioden 1968–1970 var minimumslønna i 2019-prisar 10 dollar per time. Etter 1980 var det ein jamn reduksjon av minimumslønna i realtermar til 7,20 dollar i 2019, med andre ord ein reduksjon på 30% i løpet av 50 år. Thomas Piketty kommenterer at «dette er påfallande for ein økonomi i fred og økonomisk vekst», og han legg til:

«Mange studiar har vist at nedgangen i minimumslønna i USA har bidrege sterkt til den svekka stillinga til låglønna arbeidarar sidan 1980-åra i eit generelt klima med nedgang i arbeidarane si forhandlingsmakt.»<sup>27</sup>

Nedgangen i organiseringsgrad er eit resultat av kapitalens auka makt. Denne maktforskyvinga heng delvis saman med strukturendringar i økonomien der sysselsetting i tenesteytande næringar veks, medan industrisysselsettinga går ned. Det er talande for tilstanden at arbeidsgivarane hyrer konsulentfirma som har spesialisert seg på knusing av fagorganisasjonar. Ein annan grunn til den låge organiseringsgraden i industrien kan vere at nedgangen i sysselsettinga har ført til sterk svekking eller direkte oppløysing av arbeidar-kollektivet, som i sin tur har ført til at dei gjenverande fagorganiserte ikkje lenger oppnår høgere lønningar enn dei uorganiserte. I 2019 hadde dei organiserte i privat sektor i gjennomsnitt 16% høgere lønn enn dei uorgani-

serte. I transportsektoren var denne differansen på heile 38%, medan dei organiserte i industrien i gjennomsnitt hadde berre 3% høgre lønn enn dei uorganiserte.<sup>28</sup> Ein tredje grunn kan vere dei mange indre etniske, politiske og organisasjonsmessige konfliktane, i tillegg til korrupsjon og kriminalitet i fagorganisasjonane (jf. Jimmy Hoffa-syndromet).<sup>29</sup> Men nedgangen i organisasjonsgrad ser i hovudsak ut til å vere ein refleks av nedgangen i industrien, ved at nettopp store delar dei gruppene som har hatt størst interesse av organisering, har forsvunne.

Nedgangen i industrien har som nemnt negative ringverknader i lokalsamfunnet. Når industribedrifter blir lagde ned, forsvinn også dei sekundære verksemdene, og det oppstår spøkelsesbyar som Flint, Gary og store delar av Detroit. I si klargjerande bok om «død av håpløyse» skildrar Case og Deaton denne prosessen slik:

«I den amerikanske økonomien har mange jobbar forsvunne sidan 1970. Mange av dei var godt betalte, som jobbane i General Motors eller Bethlehem Steel. Yngre menn følgde fedrane sine, og iblant til og med bestefedrane inn i godt betalte jobbar i industrien og tente nok til å skaffe seg eit middelklasseliv med eige hus, born som gjekk på gode skular og ordna feriar. (...) Fagforeiningane hadde ein plass ved bordet. Dei fekk opp medlemmene sine lønningar (til ein viss grad også lønningane til dei uorganiserte), og dei kjempa for helsetiltak og tryggleik på arbeidsplassen. ... Fagforeiningane ga arbeidarane ein viss demokratisk kontroll på arbeidsplassen og i samfunnet meir generelt, og dei var ofte ein nøkkelinstitusjon i det lokale sosiale livet. (...) Fagforeiningane sin tilbakegang har forverra arbeidslivet og det sosiale livet til kvite med mindre utdanning. Denne gruppa er også blitt stadig mindre knytt til den støtta og fellesskapen som religionen kan gi.»<sup>30</sup>

### **Produktivitetsgap og auka ulikskap**

Den femte kolonnen i tabell 1 viser at industriens del av BNP minus del av sysselsettinga har auka jamt frå –6 prosentpoeng i 1953 til +3 prosentpoeng i 2019. Dette tyder på at veksten i arbeidsproduktiviteten i industrien jamt over har vore større enn produktivetsveksten i økonomien totalt i denne perioden. Frå eit rett nok høgre nivå har samtidig lønningane i industrien stagnert minst like mykje som lønningane i resten av økonomien. Det var ingen grunn til feiring då BLS i juni 2019 presenterte data som viste at amerikanske arbeidarar utan leiarstillingar i produksjonssektorane hadde fått ei gjennomsnittleg reallønn i mai som overskreid den historiske topplønna frå februar 1973 med 5 cent (i 2019-dollars).

I 25-årsperioden 1948–1973 auka reallønningane i økonomien totalt i takt med arbeidsproduktiviteten. Produktivetsveksten over denne perioden var på 96%, medan reallønningane auka med 91%. Etter 1973 vart det derimot eit



stadig større gap mellom veksten i reallønningane og produktivitsveksten. I 44-årsperioden 1973–2017 steig arbeidsproduktiviteten med 77%, medan gjennomsnittleg reallønn auka med berre 12%. Produktiviteten steig med andre ord over seks gongar meir enn lønningane, samtidig som produktivitsveksten stagnerte.<sup>31</sup> Dette innebar sjølvsagt ein reduksjon av lønnsdelen av BNP, frå ca. 62% i perioden 1965-82 til eit historisk lågpunkt på 55,9% i 2014, som betyr ei enorm omfordeling av inntekter frå lønn til profitt.<sup>32</sup> Samtidig har det skjedd ei intern omfordeling av lønningane, nedanfrå og opp. I perioden 1979–2019 auka gjennomsnittleg reallønn til den høgst lønna prosenten med 160%, medan dei 90% med lågast lønn hadde ein reallønnsauke på berre 26%. Dette innebar at dei 90% med lågast lønn fekk redusert sin del av det samla lønsvolumet med 8,9 prosentpoeng, medan den rikaste prosenten fekk nær dobla sin del frå 7,3% i 1979 til 13,2% i 2019.<sup>33</sup>

Her er det av betydning at samanlikna med Europas historie er stor ulikskap eit ganske nytt fenomen i USA. Thomas Piketty viser at før verdskrigane var USA eit langt meir egalitært samfunn enn gjennomsnittet i vest-europeiske land. I år 1900 tok dei 10% rikaste i USA 42% av nasjonalinntekta, medan dei 10% rikaste i Europa tok 50%. Under den andre verdskrigen fekk dei 10% rikaste både i USA og Europa redusert sin del av nasjonalinntekta til rundt 35%. I dei dei første åra etter den siste verdskrigen tok dei 10 prosent rikaste i USA ein jamt større del av nasjonalinntekta enn dei 10 % rikaste i Europa. Men i heile perioden 1932–1980 var både inntektskatten og arveavgifta langt meir progressive i USA enn i dei fleste europeiske land.

Så seint som i 1950 var den økonomiske ulikskapen i USA omtrent den same eller litt lågare enn i eit land som Frankrike. Samtidig var arbeidsproduktiviteten og derfor også levestandarden i USA dobbelt så høg som i Europa. I 1980 tok dei 10% rikaste i Europa litt under 30% av nasjonalinntekta, medan dei 10% rikaste i USA tok 35%. I åra 1980–2015 steig graden av ulikskap både i USA og Europa, men enormt meir i USA. I 2020 tok dei 10% rikaste i USA 48% av nasjonalinntekta, medan dei 10% rikaste i Europa måtte nøye seg med vel 35%.<sup>34</sup>

*Tabell 3. Inntektsdelane til dei 1% rikaste og dei 50% fattigaste i USA og Europa*

År	USA		Europa	
	Rikaste 1%	Fattigaste 50 %	Rikaste 1%	Fattigaste 50%
1980	11%	20%	7%	26%
1995	15%	15%	8%	24%
2015	20%	12%	10%	22%

Kjelde: Thomas Piketty, *Capital and Ideology*, Cambridge, London/Mass. 2020, fig. 11.5 og 11.6, s. 524–525.

Den raskt aukande ulikskapen i USA er ein refleks av den eksplosive veksten i inntektene til dei aller rikaste. Dette sjiktet sin astronomiske inntektsvekst har samband med finanssektorens aukande dominans og dei såkalla teknologiselskapa sin raske ekspansjon.<sup>35</sup> Den rikaste prosenten av befolkninga nær dobla sin del av samla inntekt frå 11% i 1980 til 20% i 2015. I den same perioden fekk dei fattigaste 50% nær halvert sin del av total inntekt frå 20% til 12%. Til samanlikning fekk den rikaste prosenten i Europa auka sin del av nasjonalinntekta frå 7% i 1980 til 10% i 2015, medan halvparten av befolkninga med dei lågaste inntektene fekk redusert sin del av den samla nasjonalinntekta frå 26% i 1980 til ca. 22% i 2015 (jf. tabell 3). Thomas Piketty karakteriserer den veldige omfordelinga av inntekter i USA etter 1980 som «ein kollaps i dei lågare klassane i USA sin relative posisjon». Han understrekar at hans «bruk av ordet 'kollaps' slett ikkje er ei overdriving».<sup>36</sup>

Inne i denne omfordelinga er det endå ei omfordeling som Case og Deaton meiner har spesielt alvorlege følgjer for dei sosiale forholda:

«For alle kvite arbeidarar i alderen tjuufem til sekstifire år steig medianen av realtimelønna med 11% frå 1979 til 2017. Dette inneber ein gjennomsnittleg vekstrate på 0,4% per år i ein økonomi som voks med 2,5% per år. Medianlønningane for menn i USA har vore flate i femti år. For kvite menn utan ein bachelorgrad var den gjennomsnittlege veksten i medianlønningane mellom 1979 og 2017 på *minus* 0,2% per år.»<sup>37</sup>

Dette betyr at kvite arbeidarar med mindre utdanning enn bachelorgrad både har mist gode «blue collar»-jobbar og falle nedover på lønnsstigen, dermed også på den sosiale rangstigen. Den delvise utjamninga mellom svarte og kvite har ikkje skjedd ved at dei svarte er blitt hjelpte opp, men ved at dei kvite er blitt trykte ned. Denne degraderinga av kvite arbeidarar gir næring til auka rasisme i eit samfunn der kulturen har vore prega av rasisme heilt sidan slaveriet. Case og Deaton: «Det samtidige tapet av ei verd av arbeid, av familielivet som denne verda skapte og støtta, og i det minste oppfatninga av tap av rasemessig privileg, eller til og med omvendt diskriminering, er ein giftig kombinasjon som er meir kraftfull enn eit reelt, men potensielt overkommeleg fall i inntektene.»<sup>38</sup>

Økonomisk ulikskap ikkje er eit heilt nytt fenomen i det amerikanske samfunnet. Det nye er den ekstreme graden av ulikskap og at dei deklasserte arbeidarane ikkje lenger har håp om ei betre framtid. Den konservative forskaren Edward Luttwak sette søkjelyset på denne tilstanden i sin analyse av dei «arbeidande fattige» i 1993. Han peika på at dei yttarst fattige «som allereie lever heilt og halde under forhold som i den tredje verda», utgjorde maksimalt tre prosent av USAs befolkning. Og han våga seg på ein nær profetisk spådom:

«Dei *arbeidande fattige* av alle rasar er derimot talrike, og deira verknad på Amerikas framtid vil nødvendigvis bli mykje større. Likevel blir endåtil deira eksistens ofte ignorert av sosiale kommentatorar og

politikarar som fokuserer på dei høgst synlege såkalla 'inner city'-fattige. (...) Den aukande delen av lågt lønna arbeidarar representerer ei yttarst uheldig reversering av ein historisk trend som i lang tid var eksempelet på 'den amerikanske draumen', jamvel for dei dårlegast betalte arbeidarane i økonomien. (...) Så når vil USA bli eit tredje verdens-land? Det er avhengig av korleis vi definerer denne triste tilstanden. Men ifølgje nokre estimat kan han vere så nær som år 2020.»<sup>39</sup>

### **Ulikskap i helse**

Ein ofte brukt indikator på utviklinga i befolkninga sin helsetilstand er endringar i forventa levealder. I 2018 var forventa levealder ved fødsel i USA 86,3 år for den asiatiske befolkninga, 82 år for den latinske, 78,6 år for dei kvite, 77,4 år for den indianske (ur)befolkninga, og 75 år for dei svarte.<sup>40</sup> For befolkninga totalt gjekk forventa levealder ned fire år på rad, frå 78,9 år i 2014 til 78,7 år i 2018. Det hadde ikkje skjedd sidan den første verdskrigen og spanskesykja (i 1918) at forventa levealder gjekk ned fire år på rad. Dette var også ein av dei få periodane i USAs historie at endring i forventa levealder var «kopla av» frå veksten i BNP.<sup>41</sup> Fram til 1980 auka forventa levealder i USA raskare enn gjennomsnittet i G7-landa. Men seinare har USA sakka jamt akterut, og i 2018 var forventa levealder i USA betydeleg lågare enn i alle dei andre G7-landa. Då toppa Japan lista, med 84,2 år, med dei fem andre G7-landa hakk i hæl.

Forventa levealder i USAs befolkning er ulik langs tre dimensjonar, nemleg etnisitet (som vi alt har sett), personleg inntektsnivå og utdanning. Sjølv sagt overlappar desse dimensjonane kvarandre: Dei kvite har jamt over høgre både inntekt og utdanning enn dei svarte. Men inntektsforskjellar spelar ein avgjerande rolle på tvers av dei to andre indikatorane. Ein studie viser at i gjennomsnitt over perioden 2001-2014 hadde dei 20% rikaste 7 år lenger forventa levealder enn dei 20% fattigaste. Mellom den rikaste og den fattigaste prosenten var dette gapet 15 år for menn og 10 år for kvinner, og levealdersgapet mellom dei rikaste og dei fattigaste auka betydeleg over perioden: «Mellom 2001 og 2014 vann dei 5% på toppen av inntektsfordelinga 3 år i forventa levealder, medan dei 5% på botnen ikkje erfarte noka endring.»<sup>42</sup>

Ein annan studie som dekker perioden 1989–2015, viser at forventa levealder både for kvinner og menn stig kraftig med hushalda si inntekt opp til ca. 60.000 dollar per år. Ved stigande hushaldsinntekt over 70.000 dollar er det ingen signifikant korrelasjon mellom inntekt og forventa levealder.<sup>43</sup> Statistikken viser at for personar fødde i 1930 var forventa levealder for dei 20% fattigaste 77 år, og for dei 20% med høgst inntekt 82 år. Ein kombinasjon av statistikk og modellbruk viser at dei 20% fattigaste fødde i 1960 har ein forventa levealder på 76 år, medan dei 20% rikaste har ein forventa levealder

på 89 år.<sup>44</sup> Med andre ord: forskjellen i forventede levealder mellom dei 20% rikaste og dei 20% fattigaste har auka frå 5 år for dei som vart fødde i 1930 til 13 år for dei som vart fødde i 1960. Fleire studiar konkluderer med at det i USA er ein stadig sterkare samanheng mellom låg inntekt og dårleg helse.<sup>45</sup>

Forklaringa på dette er, som vi alt har sett, at også inntektsforskjellane mellom dei 20% rikaste og dei 20% fattigaste har auka dramatisk frå kohorten av dei som vart fødde i 1930 til kohorten av dei som vart fødde i 1960. Årgangen av dei 20% fattigaste fødde i 1930 hadde i det minste ein vekst i realinntekta og håp om materiell betring gjennom sin yrkeskarriere, medan årgangen fødde i 1960 praktisk talt ikkje har hatt vekst i realinntekta.

Ei anna påfallande trekk er den store skilnaden mellom ulike delstatar når det gjeld forventede levealder i den fattigaste fjerdedelen av befolkninga: «Nevada, Indiana og Oklahoma hadde den lågaste forventede levealderen (mindre enn 77,9 år) i fjerdedelen av befolkninga med lågast inntekt. Åtte av dei ti statane med den lågaste forventede levealderen i den fattigaste fjerdedelen av befolkninga dannar eit geografisk belte frå Michigan til Kansas (Michigan, Ohio, Indiana, Kentucky, Tennessee, Arkansas, Oklahoma, Kansas).»<sup>46</sup> Fire av desse statane (Michigan, Ohio, Kentucky, Indiana) høyrer til det såkalla Rustbeltet ramma av industrinedgang, og dei er alle prega av store sosiale problem.

Påverka av farmaindustriens reklame har stadig fleire menneske begynt å bruke opioid for å døyve smerter og sorg. Det blir estimert at ca. 2 millionar menneske no er avhengige av opioid. Særleg dei fattigaste er ramma. I 2018 sto 314.000 opioidavhengige utan hjelp til avvenning eller anna medisinsk hjelp fordi dei mangla helseforsikring.<sup>47</sup>

I studien av «død av håpløse» meiner Case og Deaton at deklasserte og fortvile kvite arbeidarfamiliar sin stadig meir utbreidde bruk av opioid er ein viktig grunn til nedgangen i forventede levealder i den samla befolkninga. Dei peikar på at ein aukande del av opioidbrukarane og dødsfalla grunna opioid er i aldersgruppa 45–64 år, og dei kallar denne tilstanden ein «opioid-epidemi».<sup>48</sup>

I USA er opioid relaterte til 70% av alle «narkodødsfall». I 2017 førte opioid på resept frå legar til over ein tredjedel av alle dødsfall grunna opioid og over ein fjerdedel av dei 70.237 overdosedødsfalla. Case og Deaton framhevar at dette talet er større enn dei årlege dødsfalla grunna skyting eller bilkollisjonar, og det er større enn det totale talet på døde amerikanarar i Vietnamkrigen. Det kumulative talet for perioden 2000–2017 er større enn det totale talet på amerikanarar som døde i dei to verdskrigane.<sup>49</sup> I perioden september 2019 til september 2020 auka talet på overdosedødsfall til over 87.000. Det representerte ein auke av epidemisk format, på nær 29% i løpet av eit år.<sup>50</sup>

Case og Deaton peikar på at kvite i arbeidarklassen begynte relativt tidleg å døy av opioidoverdosar. Ein viktig grunn til det var at dei hadde lettare

tilgang til opioid på resept enn den svarte befolkninga. Dei viser også at mortaliteten i den svarte og den kvite befolkninga i alderen 45–54 år har konvertert betydeleg sidan 1970 grunna nedgang i mortaliteten blant dei svarte. Samtidig har mortaliteten grunna narkotika, alkohol og sjølv mord blant kvite med mindre utdanning enn bachelorgrad auka kraftig og er no langt høgare enn mortaliteten blant svarte utan bachelorgrad.<sup>51</sup> Men no aukar dødsfalla grunna overdosar av opioid mest blant svarte menn, særleg i byane. The Lancet Commissions noterer at «sjølv om media og mange politikarar har fokusert på epidemisk håpløyse blant kvite i arbeidarklassen, er ikkje håpløysa eit eksklusivt eller i hovudsak eit problem blant kvite. Den endemiske overmortaliteten blant svarte og urfolk er etter vår meining også eit resultat av håpløyse».<sup>52</sup>

USAs Food and Drug Administration (FDA) opplyser at i 2020 døde meir enn 16.000 menneske av overdosar av opioid utskrivne av legar. Medan folk dør i hopetal, håvar farmaindustrien inn enorme profittar. Sidan OxyContin vart tillate (av FDA!), har produsenten Purdue Pharma hatt ei omsetning av dette medikamentet på 35 milliardar dollar, og familien Sackler som eig selskapet, har håva inn ein gevinst på rundt 10 milliardar dollar. Bortsett frå nokre rettsakar om falsk reklame får industrien halde fram å spreie sine giftige produkt. Det kan iallfall delvis bli forklart med at to tredjedelar av kongressmedlemmene fekk store beløp i valkampstøtte frå farmaindustrien før presidentvalet i 2020.<sup>53</sup>

*Tabell 4. Helsekostnader som prosentdel av BNP i utvalde land, 2018*

Land	Prosent
USA	17,7
Sveits	11,9
Tyskland	11,5
Frankrike	11,3
Sverige	10,9
Danmark	10,1
Norge	10,1
Nederland	10,0
EU-gjennomsnitt	9,9

Kjelder: Centers for Disease Control and Prevention, *National Health Expenditure 1960-2018*. [www.cdc.gov/nchs/hs/content/2019](http://www.cdc.gov/nchs/hs/content/2019) Eurostat, *Current healthcare expenditure (% of GDP), 2018*. [www.ec.europa.eu/eurostat](http://www.ec.europa.eu/eurostat)

Ingen tvilar på at det er ein samanheng mellom fattigdom og forventa levealder. Men dei økonomiske og sosiale strukturane og institusjonane spelar ein minst like viktig rolle. På Cuba, som USA i årevis har prøvd å kvele økonomisk, er nær heile befolkninga like fattig som dei fattigaste i USA. Men i 2018 var forventa levealder på Cuba nøyaktig lik den amerikanske,

nemleg 78,7 år.<sup>54</sup> Det må bety at helsevesenet på Cuba tener befolkninga langt betre enn det amerikanske.

Skandalen i denne situasjonen er at USA har verdas dyraste helsevesen. Helseutgiftene per innbyggjar auka med ein faktor på nær fire, frå 2.800 dollar i år 2000 til over 11.000 dollar i 2018. Som del av BNP auka USAs helseutgifter frå 13,4% i år 2000 til 17,7 prosent (3.649 milliardar dollar) i 2018, berre overgått av minostatøya Tuvalu i Stillehavet. (Jf. tabell 4.)

Det amerikanske helsevesenet er ei komplisert blanding av privat og offentleg finansiering med privat drift av det utførande helsevesenet. Dei to viktigaste delvis offentleg finansierte institusjonane er Medicare og Medicaid. Medicare er eit føderalt forsikringsprogram, sett i verk i 1965 under president Johnson. Det yter medisinsk støtte til amerikanske borgarar som er 65 år eller eldre og til yngre personar som er uføre under bestemte kriteria. I 2018 hadde Medicare vel 52 millionar medlemmer på 65 år eller eldre og ca. 8 millionar yngre medlemmer. Størstedelen av inntektene til Medicare blir dekkja av ei arbeidsgivaravgift der dei tilsette og bedriftene betalar halvparten kvar. Også sjølvstendige næringsdrivande kan bli medlemmer ved å betale heile utgifta sjølve. Medicare dekker ca. halvparten av helseutgiftene til sine medlemmer. Medlemmene sjølve dekker resten av kostnadene gjennom private forsikringar eller kontante betalningar. Dette er kostnader som ikkje blir dekkja av forsikringa i Medicare, som eigendelar, forskjellige medisinar osv. Kort sagt er føresetnaden for medlemskap i Medicare at personen er knytt til arbeidslivet på ein eller annan måte. Dei som blir arbeidslause, mister bedrifta sitt bidrag til Medicare.

Medicaid er eit program som blir delt mellom føderalstaten og delstatane. I 2017 dekkja føderalstaten to tredjedelar av utgiftene til Medicaid og delstatane resten. Etter behovsprøving (*means-testing*) dekker det helsekostnadene til personar med så låge inntekter at dei ikkje har råd til noka form for privat helseforsikring. Kravet har vore ei inntekt under 138% av den føderale fattigdomsgrensa (som p.t. er på 12.700 dollar per år). I 2017 ga Medicaid fri helseforsikring til 74 millionar menneske med låg inntekt eller som er arbeidsuføre.

Tabell 5 viser fordelinga av USAs samla helseutgifter. Nær halvparten av *privat* helseforsikring fell på personar/hushald, og over ein fjerdedel av dei samla helseutgiftene fell på personar/hushald. Dei store vinnarane i dette systemet er legane med skyhøge inntekter, alle forsikringsselskapa og praktisk talt alle sjukehusa og pleieheimane som er private profittsøkjande selskap. Helseforsikring er blitt ein stor business med stadig større konsentrasjon av marknadsmakt.

Tabell 5. Prosentvis fordeling av USAs samla helseutgifter i 2018

Privat kontant betaling, personar/hushald	10,3
Privat helseforsikring, personar/hushald	16,2
Privat helseforsikring, verksemdar	17,9
Medicare	20,6
Medicaid føderal	10,2
Medicaid delstater	6,2
Andre program for helseforsikring *	3,7
Andre aktørar of offentlege helsetiltak	10,1
Investeringar	4,8

\*Inkluderer helserelaterte utgifter til Children's Health Insurance Program (CHIP).

Kjelder Sean P. Kehan m.fl., «National Health Expenditure Projections», 2019-28, *Health Affairs*, bd, 39, nr. 4, 2020, s. 705 og 707.

Dei fem største helseforsikringsselskapa (Anthem, Centene, United Health, Humana og HCSC) har no 44% av marknaden. Dei åtte største forsikringsselskapa målt etter inntekt hadde i 2020 ei samla inntekt 675 milliardar dollar som svarte til over ein femtedel av samla forsikringspremiar det året.<sup>55</sup> Også dei kapitalistiske sjukehusa og pleieheimane har veldige inntekter og tilsvarende økonomisk makt. Det største sjukeshusselskapet er Hospital Corporation of America (HCA). I 2014 vart HCA av økonomitidsskriftet *Forbes* rangert som verdas 301. største børsnoterte selskap med ei omsetning på over 47 milliardar dollar og 253.000 tilsette. HCA driv 166 sjukehus og 113 frittståande kirurgiske klinikkar i 20 delstatar. Det er blitt påvist at dei to tredjedelar av pleieheimane i USA som er eigde og drivne av store kjeder av helseselskap, er dyrare og gir dårlegare tenester enn «ideelle» pleieheimar.<sup>56</sup> Neppe i noko anna land er helsevesenet så integrert i kapitalkretsløpet som i USA.

Helsevesenet i USA er eit byråkratisk villnis av vilkår, reglar, behovsprøving, kontroll og rapportering. Det gjeld både forsikringsselskapa, sjukehusa, pleieheimane og dei privatpraktiserande legane som i alle ledd må vere godt utstyrte med juristar og sakshandsamarar for å halde greie på pasientane sine ulike forsikringsvilkår. Ein samanliknande studie i 2017 viste at i USA utgjorde administrasjonskostnadene heile 34,2% av samla helseutgifter. I det kanadiske helsevesenet, som er meir likt Europa, representerte derimot administrasjonskostnadene 17,0% av totale helseutgifter.<sup>57</sup> Som del av BNP (6%) utgjør administrasjonsutgiftene i USAs helsevesen langt meir enn militærutgiftene (3,7%). Saman med profittjakta i alle ledd gjer dette at det amerikanske helsevesenet er verdas overlegent dyraste både per innbyggjar og som del av BNP (jf. også tabell 4).

I USA er det inga enkel sak å teikne ei helseforsikring. For det første er forsikringa så dyr at ein stor del av befolkninga ikkje ser seg råd til det. I

2019 var 35 millionar personar, dvs. 11% av befolkninga, utan noka form for helseforsikring. Blant menn i aldersintervallet 18–64 år var 16,3% prosent utan forsikring, blant kvinner 13,1%. Det er store etniske forskjellar. I 2018 var 9% av dei kvite, 15,2% av dei svarte og 26,7% av latinosa i aldersintervallet 18–64 år utan helseforsikring.<sup>58</sup>

For det andre finst det eit hopetal av forsikringsalternativ der ulike sjukdomar eller skadar er inkluderte eller utelatne. Forsikringane med lågast premie har sjølvstøtt færrast sjukdomar eller skadar inkluderte. Dei fattige sitt val er ofte å ikkje kjøpe forsikring eller kjøpe ei forsikring med smal sjukdomsdekning og dermed låg premie, men ofte med høg eigendel.<sup>59</sup> Eit anna problem er at USA har verdas dyraste medisinar på resept, og dei er ikkje inkluderte i forsikringane. Det er blitt estimert at helseutgiftene til ein familie på fire auka frå 10% av årsinntekta i 2001 til over 30% i 2019.<sup>60</sup>

Ein studie frå 2020 viser at 18% av befolkninga hadde «medisinsk gjeld». Dei ti prosent med lågast inntekt hadde ei gjennomsnittleg medisinsk gjeld på 677 dollar per person, medan den gjennomsnittlege gjelda til dei ti prosent rikaste var 126 dollar. Dessutan viste det seg at gjennomsnittleg medisinsk gjeld på 429 dollar per person var høgare enn gjennomsnittet av all forbruksgjeld, dvs. gjeld på kredittkort, personlege lån, elektrisitet, vatn, avløp, telefon og bilhald.<sup>61</sup>

Ein annan studie viser at i 2016 levde 16% (43,9 millionar) av befolkninga i familiar som hadde problem med å betale helserekningar. To tredjedelar av dei meir enn 500.000 personlege konkursane i 2019 var ei følge av sjukdom og/eller ubetalte medisinske rekningar.<sup>62</sup> Ein studie med data frå perioden 2013–2016 viser at heile 37 prosent av dei bankerotte personane/familiane svarte at helseutgifter var ein svært viktig grunn til deira personlege konkurs, medan 58,5% svarte at helsegjeld var ein meir eller mindre viktig grunn. Vidare viste 28% til tap av arbeid som følge av medisinske problem som svært viktig grunn til konkurs. Den same studien av perioden 2013–2016 peikar på at «medisinske kostnader held fram å auke meir enn inntektene. 29 millionar er utan helseforsikring, og mange av dei som har forsikring, står overfor uventa kostnader og eigendelar som dei ikkje har råd til.»<sup>63</sup>

Obamas *Affordable Care Act* (ACA) utvida og oppgraderte dekninga av helseforsikring og forbaud ekskludering frå forsikring grunna bestemte sjukdomar. Dessutan sette lova ei øvre, men for mange svært høg grense på kontant betaling for medisinsk hjelp og kravde at forsikringa skulle dekke «essensielle tenester». Lova kravde at alle borgarar skulle teikne helseforsikring, men det hadde jo ikkje alle råd til. Den nemnde rapporten konkluderer dessutan med at «stigande medisinske kostnader og stagnerande inntekter» i stor grad motverka ACA. Delen av gjeldsoftra som viste til medisinske kostnader som svært viktige etter innføring av ACA, var den same som før ACA.<sup>64</sup>



## Ulikskap i bustader

I USA har dårlege bustadstilhøve hos ein stor del av befolkninga ei lang historie, med forverring av både kostnader og kvalitet sidan slutten av 1970-åra. Ein indikator på denne langsiktige utviklinga er at delen av alle leigetakarar som måtte bruke meir enn 30% av inntekta til å betale husleige, vart dobla frå under 24% i 1960-åra til 47,5% i 2016.<sup>65</sup> Størstedelen av leigetakarane høyrer til den fattigaste delen av USAs befolkning. Her må vi likevel nøye oss med å gå tilbake til begynnelsen av 2000-talet.

Med Alan Greenspan som sjef for sentralbanken førte regjeringa til George W. Bush ein politikk for rask bustadsbygging og sjølveige av bustadar for flest muleg amerikanarar. Mellom 2002 og 2006 auka massen av bustadslån i USA med 15% per år. Det var for ein stor del høgrisikable lån som vart pakka saman med mindre risikable i såkalla CDO-ar.<sup>66</sup> Dei som tok opp slike lån, såkalla «*subprimes*», blir i amerikansk banksjargong kalla *Ninja* («*No income, no job, no asset*»). Einaste garantien for låna var bustaden eller eigedommen som vart brukte til å fullfinansiere. Så lenge det generelle rentenivået var relativt lågt og eigedomsprisene steig, rulla og gjekk denne butikken utan større problem. Det er blitt estimert at delen av *subprime*-lån auka frå 5% av tilveksten i samla bustadskredittar i USA i 2001 til ca. 20% i 2006. Ifølgje nyhendebulletinen til amerikanske pantelånarar, *Innside Mortgage Finance*, var den totale utbetalinga av *subprime*-lån i perioden 2000–2007 på 2500 milliardar dollar.<sup>67</sup>

Då krisa kom, miste rundt 10 millionar familiar husa sine og vart kasta på gata fordi dei ikkje greidde å betene låna. Desse familieane fekk ingen ting av hjelpepakkane. Hjelpa gjekk eine og åleine til bankane som hadde drive den vanvitige utlånsværksemda. I mars 2009 melde *Bloomberg News* at den amerikanske regjeringa og sentralbanken hadde brukt, lånt ut eller lova 12.800 milliardar dollar til finanssektoren. Det svarte til 42.100 dollar (ca. 265.000 kroner) pr. hushald i USA.<sup>68</sup>

I neste omgang selde bankane bustadane i hovudsak til eigedomsselskap og personar som leiger dei ut, i mange tilfelle til dei same familieane som vart kasta på gata under finanskrisa. I åra 2006–2016 vart 3,9 millionar familie-eigde einebustader konverterte til utleigebustader.<sup>69</sup> Dette gjorde at i 2015 var 19 millionar einebustadar i hendene på utleigarar. Totalt er i dag nær ein tredjedel av USAs befolkning leigetakarar av einebustader eller husvære i blokker.<sup>70</sup>

Husprisane i USA nådde ein historisk topp i 2006. Så kom finanskrisa, og bustadsprisane stupte med over 30% frå 2006 til 2009. Då kom eigedomsinvestorane på banen med massive oppkjøp. Dei har profittert på ei nær dobling av både bustadsprisar og leiger i perioden 2009–2021. I juli 2021 var bustadsprisane ifølgje Case-Shiller indeksen over 30% høgre enn det historiske toppnivået i 2006.<sup>71</sup>

«Institusjonelle» (45%) og «individuelle» (48%) eideomsføretak hadde i 2015 til saman hand om 93% av dei 47,5 millionar utleigebustadane, inkludert bustadblokker, i USA.<sup>72</sup> Særleg når det gjeld større bustadblokker, har dei institusjonelle eideomsføretaka styrka sin posisjon. I 2015 hadde institusjonelle føretak hand om vel 92% av eideomane med 50 husvære eller meir.<sup>73</sup>

Eit spesielt amerikansk fenomen er såkalla «*manufactured homes*», også kalla «mobile heimar», som blir plasserte ut ferdigproduserte på bestemte areal («husparkar»). I nokre tilfelle eig innbuarane sjølve husa, men må leige grunn av dei store selskapa, derav termane «*corporate landlords*» eller «*park landlords*». Særleg oppkjøpsfond (*private equity funds*), akronym PE-fond, som per definisjon ikkje er børsnoterte, har kasta seg over dette segmentet.<sup>74</sup>

Fattige familiar lever i konstant fare for å bli kasta på gata ved det minste misleghald av leiga, enten eigaren er institusjonell eller individuell. Som ein rapport frå Harvard University påpeikar: «Bruttoproduktet per capita auka med ca. 52% i perioden 1988–2017. Dersom inntektene hadde auka i takt med den økonomiske veksten i dei siste 30 åra, ville dei ha vore på linje med veksten i bustadskostnader. Dette understrekar korleis ulikskapen i inntekter har fyrt opp under dagens kostnadsproblem blant leigetakarane.»<sup>75</sup> Dette har sjølvstøtt ramma gruppene med dei lågaste inntektene.

Spesielt etter år 2000 har husleigene stige mykje raskare enn leigetakarane sine inntekter. Vi har sett at i 2016 brukte nær halvparten a leigetakarane over 30% av inntekta si til husleige.<sup>76</sup> Svarte leigetakarar har dessutan langt større «husleigebyrde» enn dei kvite. I 2019 brukte nær 30% av dei svarte, mot 21% av dei kvite, over halvparten av inntekta til husleige. Nær 23% av dei svarte hadde restanse på husleiga, mot under 10% av dei kvite. Rundt 10% av dei svarte, men berre 4% av dei kvite svarte at dei sannsynlegvis ville ble kasta ut i løpet av dei neste to månadene. Desse skilnadene har samanheng med ein kombinasjon av etnisitet og klasse-/inntekt. I 2019 var den årlege medianinntekta til svarte leigetakarar 32.100 dollar, mot 45.000 for kvite. Dessutan: «Trass i at medianleiga til dei svarte og dei kvite var praktisk talt den same, har forskning vist at svarte hushald betalar meir leige for husvære av same kvalitet.»<sup>77</sup>

I januar 2021 hadde 20% av alle leigetakarar, rundt 10 millionar familiar, restanse i husleiga. Desse familiare hadde ein restanse på 57 milliardar dollar, dvs. gjennomsnittleg 5.600 dollar per leigetakar, som svarte til nær fire månaders leige. Kvar fjerde familie med born hadde restanse på husleiga. Dei same familiare svarte i januar 2021 at kvart fjerde barn av og til eller ofte ikkje hadde fått nok mat den siste veka før spørsmålet vart stilt.<sup>78</sup>

Den 3. august 2020 innførte Biden-regjeringa eit «moratorium for utkastningar», «*eviction moratorium*», som i dei fleste delstatane var i kraft til september 2021. I desember 2020 vedtok regjeringa dessutan ein hjelpepakke på 25 milliardar dollar som skulle bli delt mellom leigetakarar og utleigarar.

Det var neppe nok. I mars 2021 hadde framleis 6,3 millionar leigetakarar ein restanse på 33 milliardar dollar. Moratoriet innebar ikkje ei annullering av leiger, men berre ei utsetting. Leiger som vart hopa opp under moratoriet, skal bli betalte etter at det er avvikla.

Ifølgje ein rapport frå mars 2021, hadde USAs eigedomsselskap auka sin formue med 24,4 milliardar dollar sidan mars 2020, og deira totale formue var over 240 milliardar dollar: «Milliardærar i eigedomsbransjen har millionar i profitt, medan millionar blir trua med utkastning.»<sup>79</sup> Medan eigedomsselskapa håvar inn profitt, hamnar dei som ikkje kan betale leiga blant dei huslause. I januar 2020 vart vel 568.000 menneske registrerte som huslause. Tredjedelen av dei var i familiar med born, 19% vart rubriserte som kronisk huslause, medan krigsveteranar utgjorde 6,5%.<sup>80</sup> Det er førebels få teikn til at president Biden si regjering kan hamle opp med den såkalla «affordable housing crisis» i USA.

### **Utdanning som privilegerer dei rike**

Samanlikna med Europa var USA tidleg ute både med grunnskuleutdanning og yrkesopplæring. I 1950- og 60-åra var USA det første landet som hadde oppnådd nær universell ungdomsskule/realskule. Det var først i 1980-åra at 80% av ungdomen i Storbritannia, Frankrike og Tyskland gjekk på ungdomsskule.<sup>81</sup>

I 1980-åra tapte USA sitt utdanningsmessige leiarskap. Den relative nedgangen i utdanningssystemet gjekk hand i hand med raskt aukande økonomiske forskjellar, ikkje berre mellom sosiale grupper, men også mellom delstatar og regionar. Grunn- og ungdomsskulen er stort sett offentleg. Men i motsetning til europeiske land er finansieringa sterkt desentralisert og i hovudsak avhengig av lokal skattlegging, spesielt lokale eigedomsskattar. Dette i seg sjølv har ført til betydeleg ulikskap mellom skulane grunna ulik formuefordeling mellom ulike lokalsamfunn.

I tillegg til dette kjem at trass i at sjølve skulegangen offisielt er gratis, fell svært mange utgifter på foreldra. Dette gjeld til dømes utgifter til privatimar, musikkimar, sommarleirar, skulereiser, ulike rekvisita, bøker, PC-ar og såkalla «extracurricular activities» (sport, dans, musikkimar, skuleteater etc.). I perioden 1983–2007 auka dei 10% rikaste familiane slike utgifter med 75% i dollar til faste prisar, medan dei 10% fattigaste familiane reduserte sine utgifter med 22%. I 2007 fekk kvart barn i dei 10% rikaste familiane ni gongar meir av slike stønader enn kvart barn i dei 10% fattigaste familiane. I 2018 sto hushalda for over åtte prosent av dei samla utgiftene i grunnskule og ungdomsskule.<sup>82</sup>

Robert D. Putnam skriv at den såkalla «pay-play»-politikken, som no har sneke seg inn i over halvparten av USAs high schools, er ein hovudgrunn til dei skjerpja sosiale klasseskilja blant skuleborn. Så langt finst det ikkje

nasjonale tal for dette fenomenet. Putnam sitt «rimelege estimat» er at deltaking i «extracurricular activities» kostar rundt 400 dollar per elev per aktivitet per år, eller ca. 1600 dollar for familiar med to born som deltek i to aktivitetar kvart år. For dei 20% rikaste hushalda representerer dette berre 1–2% av årsinntekta; for dei 20% fattigaste hushalda utgjer det rundt 10%. Han kommenterer at «med desse tala er det overraskande at det i det heile tatt finst fattige born som deltek i extracurricular activities».<sup>83</sup>

Etnisk segregering, spesielt med diskriminering av dei svarte, har ein lang og brutal tradisjon i USA. Studiar viser at i perioden 1960–1980 minka denne typen segregering. Sortering av elevar mellom skulane etter etnisitet endra seg lite i 1990-åra og minka litt igjen etter år 2000. Segregering av kvite og svarte mellom *nabolag/distrikt* minka i perioden 1990–2010. I den same perioden auka segregering etter inntekt både blant dei kvite, dei svarte og latineros. Rike kvite, rike svarte og rike latineros bur i aukande grad i dei same nabolaga/distrikta, medan fattige svarte og kvite lever i andre distrikt.<sup>84</sup> Sidan 1990 har skuledistrikta begynt å skifte elevopptaka frå fokus på etniske forskjellar til vekt på inntektsforskjellar. Opptakspolitikken i skulane skjer innafør skuledistrikta, slik at denne politikken berre kan endre segregering mellom skular i det same distriktet.

Det viser seg også at velstående foreldre som framleis bur i distrikt med eit fleirtal av fattige familiar, sender borna sine til «private skular, charter-skular eller magnetskular, medan dei mest vanskelegstilte borna blir igjen i dei lokale offentlege skulane med mindre ressursar. (...) Aukande inntektsforskjellar er hovudfaktoren bak veksten i inntektssegregering mellom nabolag.»<sup>85</sup> Dei veksande inntektsforskjellane fører til segregering av bustadar og segregering av skulane: Det aukande sosiale klasseskiljet inneber fattige skular for fattige born og rike skular for relativt rikare born.

Ikkje nok med at born frå familiar med låge inntekter går på fattige skular. Robert Putnam framhevar at «fattige born oppnår langt betre resultat når dei går på skular der det også er born frå rike familiar». Med andre ord: «Blanda skular» er til stor fordel for dei fattige borna. Han sluttar seg til konklusjonen om at dette «er eit av dei mest konsistente funna innan utdanningsforskninga».<sup>86</sup> Ann Owens samanfatar segregeringsprosessane slik:

«Den distriktsmessige segregeringa av familiar med born i offentlege skular auka med over 15% i perioden 1990–2010. Innafor store distrikt auka segregeringa av skulane målt med delen born som hadde og ikkje hadde krav på fri lunsj, med over 40% i perioden 1991–2012. ... Auken mellom 1990 og 2010 vart ikkje driven fram av større segregering av dei fattigaste familiane frå alle andre, men av at den lågare middelklassen vart meir segregert frå den øvre middelklassen og dei velstående. (...) Skulane for folk med låge inntekter, har som regel mindre ressursar til vegleiing, mindre krevjande undervisningsplanar og lærarar med lågare formell kvalifikasjon.»<sup>87</sup>

Nesten alle born begynner på high school, men slett ikkje alle fullfører med ordinært avgangsvitnemål. Det store fleirtalet av dei som droppar ut, kjem frå familiar med låg inntekt. For desse elevane finst det ei naudløysing, nemleg ein attest for *General Educational Development* (GED). I 2011 utgjorde GED 12% av alle avgangsvitnemål frå high schools. Tanken med GED er at han skal vere til hjelp for ungdomane når dei søker vidare studium eller arbeid. Men forskning viser at GED er til lite hjelp for opptak på college og «av minimal verdi når det gjeld resultat på arbeidsmarknaden».<sup>88</sup>

Avgangseksamen frå fire års studium på college er blitt eit stadig vanlegare krav i arbeidslivet. Også her er det store klasseforskjellar. I 2018 fekk under 30% av dei 10% fattigaste opptak på høgre utdanning (college eller høgre), medan over 90% av dei 10% rikaste kom inn på slik utdanning.<sup>89</sup> Men skiljet mellom dei rike og dei fattige er større enn desse tala tyder på. Det store fleirtalet av ungdomar frå den rikaste delen av befolkninga begynner på dei såkalla «selective colleges», med godt renommé, mange søkerarar, strenge opptakskrav og store kostnader for elevane i form av studieavgifter, «extracurricular activities» osv. Delen av ungdomane frå den rikaste femtedelen av befolkninga som gjekk på selective colleges, auka frå 26% i 1972 til 36% i 2004. Delen av ungdomane frå den fattigaste femtedelen av befolkninga var nesten uendra, frå 4% i 1972 til 5% i 2004.<sup>90</sup>

Fleirtalet av ungdomane frå den fattigaste femtedelen av befolkninga søker derimot til såkalla «community colleges», som er eit to års studium. Delen av ungdomane frå familiar med låg inntekt som gjekk på community college, auka frå 14% i 1972 til 32% i 2004.<sup>91</sup> Desse institusjonane har låg studieavgift. I mange delstatar blir elevane fritekne for avgifta etter behovsprøving. Dårlig betaling og mangel på fast tilsetjing fører til stor gjennomstrøyming av lærarar og dårlig undervisningskvalitet. Rundt 80% av elevane ved community colleges har jobbar ved sida av studiet, og ca. 40% jobbar heiltid.<sup>92</sup>

Når det gjeld fullføring av fireårig college, har det vore eit aukande gap mellom dei rikaste og dei fattigaste dei siste 50 åra. I 1970 fullførte 40% av den rikaste fjerdedelen av ungdomane college, mot 10% av fjerdedelen med dei lågaste inntektene. I 2011 fullførte 80% av ungdomane frå den rikaste fjerdedelen, mot framleis berre 10% av fjerdedelen med dei lågaste inntektene.<sup>93</sup>

I presidentvalkampen lova Joe Biden at all utdanning til og med college skulle bli gratis. No ser det ut til at han må bryte den lovnaden på grunn av motstand frå høgresida i sitt eige parti (dominert av Joe Manchin og Kyrsten Sinema). Det betyr at kostnadene for college framleis blir for høge for 90% av ungdomane frå fjerdedelen av familiarne med dei lågaste inntektene. Men verre er det at det ikkje finst noko alternativ for desse ungdomane. Som Robert Putnam skriv: «Ein gong hadde Amerika eit solid og effektivt system

for yrkesutdanning, lærlingplassar og etterutdanning både i og utanfor skulane.» Han noterer at gjennom dei siste tiåra er slike program blitt forsømte eller avvikla: «Dette skuldast delvis det stadig meir utbreidde mantraet om ‘college for alle’, som reflekterer trua på at ein collegegrad er nøkkelen til suksess i den noverande økonomien. (...) Mottoet ‘college for alle’ har bidradd til å undergrave offentleg og privat støtte til yrkesutdanning på ungdomsskulenivået og vidare.»<sup>94</sup> Eit resultat av denne politikken er at USA i dag manglar faglærde arbeidarar innan fleire bransjar; eit velkjent problem også i mange land i Europa.

Det viser seg at til høgre utdanninga er, til færre ungdomar frå den fattigaste delen av befolkninga er det som fullfører. Dette kjem tydeleg fram i studiet av ein årgangskohort. I 2004 tok over 90% av ungdomane med høgst sosioøkonomisk status (SES) avgangseksamen frå high school, mot 64% av ungdomane med lågast SES. I 2012 hadde 58% av ungdomane med høgst SES avslutta college med bachelorgrad, mot berre 12% av dei med lågast SES. Robert Putnam kommenterer: «Det var som om dei fattige ungdomane hadde klampar om føtene som vart stadig tyngre ved kvart trinn opp utdanningsstigen.» Han minner om at dei låge inntektene fører til familiekonflikkar, forsømming av borna, vanskeleg barndom, spesielle kameratgjengar, snevre «extracurricular opportunities», og «alt dette har bidrege til det aukande gapet i fullføring av college dei siste tiåra». For Putnam er det «endå meir sjokkerande» at ein lågare prosentdel fattige elevar med toppkarakterar (29%) fullfører college enn rike elevar med svake karakterar (30%). «Dette faktumet er spesielt vanskeleg å sameine med ideen i hjartet til Den amerikanske draumen om at alle har like moglegheiter.»<sup>95</sup>

Alt dette betyr at dei fleste ungdomar frå femtedelen av befolkninga med lågast inntekt er ekskluderte før det er tale om universitetsutdanning. Berre kostnadene for eit universitetsstudium representerer ei effektiv hindring for folk med låge inntekter. I 2018 vart i gjennomsnitt berre 35,6% av utgiftene til amerikanske universitetet dekkja av føderal- eller delstat, 44,7% vart dekkja av hushalda og 19,7% av andre private kjelder, inklusive universiteta sine fond.<sup>96</sup> Kor vidt ungdomar får tilgang til universitetsstudium er sterkare avhengig av foreldra si inntekt enn i noko anna høgt utvikla land. I 2015 var sannsynet for at born frå familiar med dei lågaste inntektene skulle få tilgang til eit universitetsstudium ca. 25%, medan sannsynet for born frå dei rikaste familiane var over 90%.<sup>97</sup>

Ungdomar frå den fattigaste femtedelen av befolkninga får studieplass ved universitet berre dersom dei er spesielt skuleflinke, eller dei merker seg ut i ein eller annan sport, og av slike grunnar oppnår eit stipend. Eller dei lykkast med å finansiere studiet med lån, ofte ved at foreldra stiller alle sine aktiva som pant. Spesielt dei siste 15 åra har det vore ein sterk vekst i studentane si lånegjeld, som auka med ein faktor på 3,4 frå 500 milliardar

dollar i 2006 til nær 1700 milliardar fordelt på 43 millionar låntakarar i 2020. Denne gjelda er nesten dobbelt så stor som total kredittkortgjeld i USA.<sup>98</sup> Den store betydninga av privat finansiering av amerikanske universitet har to viktige konsekvensar. For det første er universiteta i gjennomsnitt ganske rike. For det andre er universitetssystemet sterkt lagdelt, med nokre få styrtrike og mange andre relativt ressursfattige institusjonar. Det gjer at dei rikaste universiteta kan rekruttere førsteklasses forskarar og studentar frå utlandet. Thomas Piketty peikar på at ressursgapet mellom dei beste universiteta og dei mindre velståande offentlege universiteta «har vakse til avgrunnsdjupe forskjellar dei siste tiåra. (...) I internasjonale rangeringar, så unøyaktige dei enn er, er det slåande at amerikanske universitet er ultradominante blant topp-tjuve i verda, men fell langt under europeiske og asiatiske universitet dersom ein ser på topp-hundre eller topp-fem hundre.»<sup>99</sup>

Ungdomar frå dei rikaste familiane søker seg sjølvsagt inn på dei mest framstående universiteta. Dette reiser spørsmålet om dei rike kan kjøpe seg plass ved universiteta. Opptaksprosedyrane inkluderer ofte «legacy preferences», også kalla «legacy admission». Det betyr at rike tidlegare studentar kan kjøpe studieplass for sitt avkom gjennom sjenerøse donasjonar til universitetet der dei sjølve har studert. Kriteria for opptak av studentar på grunnlag av «legacy preferences» blir stort sett haldne hemmelege. Universitetsleiingane hevdar at dette ikkje dreier seg om store gåver, og at det gjeld få studentar. Men denne forskrudde forma for kvotering er neppe så marginal som universitetsleiingane hevdar.

Ein studie av dette obskure fenomenet organisert av Richard D. Kahlenberg, forskar ved The Century Foundation, fann at 90% av «topp-universiteta» praktiserer «legacy preferences». Ved desse universiteta utgjør born av tidlegare studentar mellom 10 og 25% av studentane. Til dømes ved Princeton University fekk 42% av «legacy»-søklarane studieplass i 2009, mot berre vel 9% av andre søklarar. Ifølgje estimat presentert i denne studien fekk topp-universiteta «legacy»-gåver på nær 9 milliardar dollar i 2008. Det representerte 28% av totale private donasjonar og vel 5% av desse universiteta sine totale utgifter. Så få som 1% av givarane yter 70% av «legacy»-gåvene. I tillegg kjem at mange rike familiar kjøper studieplass til sitt avkom ved topp-universiteta sjølv om dette ikkje er basert på «legacy».<sup>100</sup> Som Thomas Piketty skriv: «Det er slåande at amerikanske universitet er tilbøyelege til å rettferdiggjere denne praksisen og hemmelegghaldet som omgir han, fordi han er effektiv når det gjeld å reise pengar frå sjenerøse milliardærar som finansierer deira forskning og undervising.»<sup>101</sup>

Gjennom sin finansieringsmåte og gjennom «legacy preferences» fremjar amerikanske universitet eit meritokrati av milliardærar. Hemmelegghaldet rundt «legacy preferences» opnar dessutan for omfattande korrupsjon og smørjing med millionar av dollar, som rapportert i *New York Times* i 2020–2021.<sup>102</sup>

## Sluttord

Amerikansk industri har tradisjonelt vore lønnsleiande og sett standarden for lønningar i resten av økonomien. Sysselsettingsnedgangen og lønnsstagnasjonen i denne sektoren ser ut til å ha hatt ein sterk smitteeffekt på resten av økonomien. Veksten i ulikskap beveger seg i vonde og sjølvforsterkande sirklar. Ulikskapen i inntekter og formue fører til ulikskap i helse, bustader og utdanning, som igjen kvar for seg fører til endå større ulikskap i inntekter og formue, osv. Samtidig har dei geografiske forskjellane auka. I delstatane i Rustbeltet ser det ut til at fattigdom avlar fattigdom langt meir enn i USA i gjennomsnitt. Ein stor del av befolkninga er fanga i desse vonde sirklane som fører til ei stadig større kløft mellom dei 50% fattigaste og dei 10% rikaste. Desse veksende forskjellane har dessutan skapt svimlande kulturelle gap mellom store delar av arbeidarklassen og det liberale borgarskapet.

Eit lysglimt i dette bildet er dei mange streikane særleg i 2021. I følgje Cornell University Strike Tracker var det 391 streikar i 2021.<sup>103</sup> Desse streikane ser ut til å henge saman med ein «strammare» marknad for arbeidskraft. Nokre få av dei vart avslutta etter fleire års kamp, men dei fleste var kortvarige, avslutta i løpet av nokre månader. Streikane gjaldt særleg høgge lønn, at nyttilsette skulle ha lik lønn med resten av arbeidsstokken, betre pensjonsvilkår, betre helseforsikring. Stort sett var streikane avgrensa til einskilde bedrifter. Amazon sysselset nær ein million arbeidarar, men streiken for organiseringsrett i Amazon sitt lageranlegg i Bessemer, Alabama, fekk inga aktiv støtte frå arbeidarar i dei andre Amazon-anlegga. Arbeidarane i Bessemer vann ein delvis siger takka vere det føderalstatlege arbeidstilsynet NLRB. Streiken i Bessemer viser kor svak fagrørsla er blitt. Dersom streiken hadde hatt støtte i ein nasjonal fagorganisasjon som kunne organisere solidaritetsstreikar, ville ein full siger ha vore langt meir sannsynleg. Men som vi har sett: Trass i at fleirtalet av befolkninga stiller seg positiv til fagorganisering, er fagrørsla svakare enn nokon gong før, og organiseringsgraden i privat sektor er berre så vidt over 6%.<sup>104</sup>

Også politisk synest situasjonen å vere fastlåst. På den eine sida er overklassen og kapitalen godt organisert, rett nok der ulike fraksjonar rivaliserer om kontroll over staten. På den andre sida manglar arbeidarklassen organisasjon og reell representasjon, ein mangel som venstresida i Det demokratiske partiet ikkje har makta å bøte på. Makthavarane i Det demokratiske partiet appellerer til og har støtte frå dei høgt utdanna, dei liberale og kulturradikale intellektuelle, det globaliseringsivrige borgarskapet, miljøaktivistane og toppane i dei multinasjonale selskapa. Men berre rundt 40% av alle amerikanarar har vore innom eit college eller universitet. Ved presidentvalet i 2012 stemte 18,9% av den «demokratisk orienterte» arbeidarklassen på Mitt Romney, og ved valet i 2016 stemte 24,2% av denne gruppa på Donald



Trump.<sup>105</sup> Bernie Sanders konstaterer at Det demokratiske partiet «har snudd ryggen til arbeidarklassen».<sup>106</sup> Det republikanske partiet har for lengst teke konsekvensen av denne situasjonen og får stadig større støtte frå gamle demokratiske veljarar uavhengig av etnisitet.

Det republikanske partiet sankar stemmer ved å fri til delar av arbeidarklassen med antielitistiske parolar, samtidig som det støttar og får støtte av dei mest høgreorienterte kapitalfraksjonane som kjempar mot all fagorganisering. Den fattigaste delen av befolkninga har for lengst tapt illusjonen om Den amerikanske draumen, som er avløyst av håpløyse, angst og forvirring, uttrykt i vekslande sinne og resignasjon. Krysselden av økonomiske, sosiale og politiske konflikhtar skapar i dag ein kritisk ustabilitet i det amerikanske samfunnet.

(Januar 2022)

## NOTER

- 1) Takk for kommentarar til utkast av denne artikkelen til Ida Bull, Hans Ebbing, Olav Fagerlid, Lars Mjøset, Kristen Nordhaug, Anders Skonhoft og Knut H. Sørensen, forutan to fagfellar.
- 2) Emmanuel Saez og Gabriel Zucman, *The Triumph of Injustice*, W.W. Norton & Company, New York 2019, s. 76–82.
- 3) Nick Vyas, «Four Compass Points for Global Chain Management», *Supply Chain Management Review*, september 2015.
- 4) UNCTAD, *World Investment Report 2020*, s. 123.
- 5) Takaaki Kizu m.fl., *Linking jobs in global supply chains to demand*, ILO Research Paper No. 16, august 2016, s. 7 og 15.
- 6) Ibid., s. 14.
- 7) WTO, *Technological innovation, supply chain trade, and workers in a globalized world*, WTO, Geneve 2019, s. 33-34 og 38-39.
- 8) Ibid., s. 29 og 38.
- 9) Sandra Polaski m.fl., *How trade policy failed U.S. workers – and how to fix it*, Boston University Global Development Policy Center og IPS, 2020, s. 17. David H. Autor m.fl., *The China Syndrome: Lokal labor market effects of import competition in the United States*, NBER Working Paper 18054, mai 2012. David Autor & Gordon Hanson, *Labor Market Adjustment to International Trade*, NBER Reporter No. 2, juni 2014. Daron Acemoglu m.fl., *Import Competition and the Great U.S. Employment Sag of the 2000s*, NBER Working Paper No. 20395, august 2014. Robert C. Feenestra og Akira Sasahara, *The «China Shock», exports and U.S. employment: A global input-output analysis*, NBER working paper no. 24022, Cambridge MA, november 2017. Robert E. Scott & Zane Mokhiber, *Growing China trade deficit cost 3,7 million American jobs between 2001 and 2018*, Report no. 18374, Economic Policy Institute, Washington DC, januar 2020.
- 10) Robert E. Scott, *The manufacturing footprint and the importance of U.S. manufacturing jobs*, Briefing paper no. 388, Economic Policy Institute (EPI), Washington DC 2015, s. 4.

- 11) Jf. Steven Watts, *The People's Tycoon: Henry Ford and the American Century*, Knopf/Doubleday, New York 2009. Dessutan: David Landes, *The Unbound Prometheus*, Cambridge U.P. 1972, s. 445.
- 12) Steven Wagner, «How did the Taft-Hartley Act Come About?», *History News Network*, The George Washington University, 2007. <https://historynewsnetwork.org/article/1036>
- 13) Jf. Frank Levy og Peter Temin, *Inequality and institutions in 20th century America*, WP 1306, National Bureau of Economic Research, mai 2007, s. 16.
- 14) Ibid., s. 19.
- 15) Steven Wagner, «How did the Taft-Hartley Act Come About?», op.cit. (note 15).
- 16) Jf. Mike Davis, *Prisoners of the American Dream*, Verso Books, London 1986, s. 52–53. Jf. også Jf. Frank Levy og Peter Temin, *Inequality and institutions ...*, op. cit. (note 16), s. 24–26.
- 17) Robert E. Scott, *The manufacturing footprint ...*, op. cit. (note 10), s.4 og 8.
- 18) Ibid., s. 31-32. Lønnspremien for arbeidarar med mindre enn collegeutdanning blir definert som differansen mellom gjennomsnittslønna til denne gruppa i industrien og gjennomsnittslønna alle andre sektorar. Ibid. s. 8.
- 19) Josh Bivens, *Using standard models to benchmark the costs of globalization for american workers without a college degree*, EPI Briefing paper no. 354, Washington DC, 2013, s. 7-8.
- 20) Robert E. Scott, *The manufacturing footprint and the importance of U.S. manufacturing jobs*, Briefing paper no. 367, Economic Policy Institute (EPI), Washington DC 2013, s. 25-28.
- 21) I 2019 var gjennomsnittslønna innan varehandel 54% av gjennomsnittslønna i industrien, ifølgje *Bureau of Labour Statistics* (BLS) juli 2020. Jf. også David Autor & Gordon Hanson, *Labor Market Adjustment to International Trade*, NBER Report No. 2, juni 2014. Det er blitt rapportert at i 2017 fekk ein tredjedel av Amazons arbeidsstokk i Arizona statleg matstøtte. Jf. intervju med Alec MacGillis i *Klassekampen*, 19.05.2021.
- 22) David H. Autor m.fl., *The China Syndrome*, op. cit. (note 9), s. 24–25.
- 23) SSDI-ytinga var i 2020 i gjennomsnitt 1128 dollar per månad. Jf. Brandy Bauer, «CCI vs. SSDI: the Differences, Benefits, and How to Apply», nov. 2020. <https://www.ncoa.org/article/ssi-vs-ssdi-what-are-these-benefits-how-they-differ>
- 24) Ibid. s. 3, og David H. Autor m.fl., *The China Syndrome*, op.cit., s. 30.
- 25) Pew Research Center, *The gap between the number of blacks and whites in prison is shrinking*. [www.pewresearch.org/fact-tank/2019/04/30](http://www.pewresearch.org/fact-tank/2019/04/30). Talet på innsette i amerikanske fengsel var rundt 100 per 100.000 i befolkninga i perioden 1930–1975. Deretter sterk stigning til 500 per 100.000 i befolkninga i 2015. Jf. Robert D. Putnam, *Our Kids. The American Dream in Crisis*, Simon & Schuster Paperbacks, New York/London 2016, s. 77.
- 26) Mike Davis, *Prisoners of the American Dream*, op.cit., s. 143–147; BLS, *Union membership news release*, januar 2020; BLS, *TED: The Economics Daily*, 03.02.2020.
- 27) Thomas Piketty, *Capital and Ideology*, Cambridge U.P 2020, s. 530–531.
- 28) BLS, *Union membership news release*, op.cit (note 26).

- 29) AFL var lenge stengd både for svarte arbeidarar og nyinnvandra arbeidarar frå Sør-Europa. CIO var eit resultat av splid i AFL, og IWW har heile tida stått politisk til venstre for det gjensameina AFL-CIO. Jf. Mike Davis, *Prisoners of the American Dream*, Verso Books 1986. Leseverdig er også Dan Clawson og Mary Ann Clawson, «What has Happened to the US Labor Movement? Union Decline and Renewal», *Annual Review of Sociology*, bd. 25, 1999, s. 95–119.
- 30) Anne Case og Angus Deaton, *Death of Despair and the Future of Capitalism*, Princeton U.P. 2020, s. 161, 164 og 185.
- 31) Economic Policy Institute, august 2018. <https://www.epi.org/productivity-pay-gap/>
- 32) Holger Apel, «Inequality in the U.S. from 1950 to 2010 – the neglect of the political», *Real-world economics review*, nr. 72, 2015, s. 5.
- 33) Lawrence Mishel og Jori Kandra, *Wages for the top 1% skyrocketed 160% since 1979 while the share of wages for the bottom 90% shrunk*, Economic Policy Institute 1. desember 2020.
- 34) Thomas Piketty, *Capital and Ideology*, op.cit. (note 27), s. 490 og 523. Dessutan tabell 1.6, s. 30 og tabell 10.1. s. 419.
- 35) Når det gjeld finanssektorens dominans og den finansielle dynamikken bak aukande ulikskap, jf. min artikkel om USAs dollarmakt i dette heftet av Vardøger.
- 36) Piketty, op.cit (note 27). s. 523.
- 37) Case og Deaton, op.cit. (note 30), s. 156.
- 38) Ibid., s. 166.
- 39) Edward Luttwak, *The Endangered American Dream*, Touchstone Edition, Simon & Schuster Inc., New York 1994, s. 118 og 153–155. Ei sterk skildring av einskildskjebnar blant arbeidande fattige, der svarte er sterkt overrepresenterte, er David K. Shipler, *The working poor – Invisible in America*, Vintage Books, New York 2005.
- 40) Wikipedia, *Race and health in the United States*. Nedlasta 09.09.2021.
- 41) *The Lancet Commissions*, «Public policy and health in the Trump era», februar 2021, s. 1–2.
- 42) Raj Chetty m.fl., «The Association between Income and Life Expectancy in the United States, 2001–2014», *JAMA*, bd. 16, nr. 315, 2017, s. 1758 og 1762. (*JAMA* blir gitt ut av American Medical Association.)
- 43) Jacob Bor m.fl., «Population health in an era of rising income inequality: USA, 1980–2017», *The Lancet* bd. 389, april 2017, s. 1483.
- 44) Ibid., s. 1484. Jf. også Raj Chetty m.fl., «The Association between Income and Life Expectancy in the United States, 2001–2014», op.cit (note 42).
- 45) Jf. ibid.
- 46) Raj Chetty m.fl., «The Association between Income and Life Expectancy ...», op.cit. (note 42), s. 1754.
- 47) Jf. «Big Pharma und der Tod», *Der Spiegel* nr. 46, 13.11.2021, s. 112–114.
- 48) Opioid er enten direkte derivat av opium, som før vart kalla opiat. Eller dei er syntetiske eller delvis syntetiske blandingar som har alle dei same eigenskapane, nemleg demping eller fjerning av smerte og lindring av sorg. Desse stoffa blir teknisk omtalte som opioid. Ein syntetisk variant av opioid er det stadig meir brukte og dødelege stoffet fentanyl.

- 49) Case og Deaton, op.cit. (note 30), s. 111–113.
- 50) Meagan Day, «Fentanyl is the genie that won't go back in the bottle», *Jacobin*, 05.04.2021.
- 51) Case og Deaton op. cit. (note 30), s.61–67.
- 52) *The Lancet commissions*, op. cit. (note 41), s. 8.
- 53) «Big Pharma und der Tod», *Der Spiegel* nr. 46, 13.11.2021, s. 113–114.
- 54) WHO, *World Health Rankings*. <https://www.worldlifeexpectancy.com/cuba-life-expectancy#:~:text=>
- 55) Sean P. Keehan m.fl., «National Health Expenditure Projections, 2019-28», *Health Affairs*, bd. 39, nr. 4, 2020, s. 705; og «Largest Health Insurance Companies of 2021», [www.valuepenguin.com](http://www.valuepenguin.com)
- 56) P. Waldman, «For-profit nursing homes lead in overcharging while care suffers», *Bloomberg Business*, 31. desember 2012, s. 1.
- 57) David U. Himmelstein m.fl., «Health Care Administrative Costs in the United States and Canada, 2017», *Annals of Internal Medicine*, bd. 172, nr. 2, 2020, s. 134-142.
- 58) US Department of Health and Human Services/National Center for Health Statistics, *Health Insurance Coverage: Early Release of Estimates*. Released 9/2020, og Release 2019.
- 59) Bernie Sanders skreiv nyleg at når vi inkluderer dei “underforsikra”, dvs. personar som ikkje har råd til full forsikring, blir talet uforsikra og underforsikra 84 millionar. Bernie Sanders, “Our new year’s resolution for 2022: to rise up and fight back”, *The Guardian*, 04.01.2022.
- 60) John Geyman, «COVID-19 Has Revealed America’s Broken Health Care System: What Can We Learn?», *International Journal of Health Services*, bd. 5, nr. 2, 2021, s. 189.
- 61) Raymond Kluender m.fl., «Medical Debt in the US, 2009-2020», *JAMA*, bd. 326, nr. 3, 2021, s. 250–256.
- 62) John Greyman, op.cit. (note 62), s. 189.
- 63) David U. Himmelstein, «Medical bankruptcy: Still common despite the Affordable Care Act», *American Journal of Public Health*, bd. 109, nr. 3, 2019, s. 431–433.
- 64) *Ibid.*, s. 431-432.
- 65) Joint Center for Housing Studies of Harvard University, *The State of the Nation’s Housing 2018*, s. 5.
- 66) Jf. Rune Skarstein, «Akkumulasjon av produktiv kapital eller finanskapital? Om årsakene til den økonomiske krise», *Vardøger* 33, 2012. Amerikanske bankers utlån til kjøp av fast eigedom steig frå vel 35% av deira samla utlån i 1990 til ca. 60% i 2006. Blant landa Bank for International Settlements (BIS) samanliknar, var det berre bankane i Australia og Spania som hadde så høg relativ eksponering i fast eigedom. Jf. BIS, *77th Annual Report*, Basel, juni 2007, s. 125-28.
- 67) D. Evans; «FDIC may need \$ 150 billion bailout as more banks fail», *Bloomberg News*, 25.09.2008. [www.bloomberg.com/apps/news](http://www.bloomberg.com/apps/news).
- 68) D. Kopecki og C. Dodge, «US rescue may reach \$23.3 trillion, Barofsky says», *Bloomberg News*, 20.07.2009. [www.bloomberg.com/apps/news/](http://www.bloomberg.com/apps/news/).
- 69) Joint Center for Housing Studies of Harvard University, op. cit. (note 57), s. 4.

- 70) Hoyjung Lee, *Who owns rental properties, and is it changing?*, Harvard Joint Center for Housing Studies, august 2017; og Sara Myklebust m.fl., *Cashing in on Our Homes. Billionaire Landlords Profit as Millions Face Eviction*, Bargaining for the Common Good/Institute for Policy Studies, mars 2021.
- 71) <https://tradingeconomics.com/united-states/case-shiller-home-price-index>
- 72) Hoyjung Lee, *Who owns rental properties, and is it changing?*, op. cit. (note 70). *Institusjonelle føretak* er alle typer private profittsøkjande selskap, som aksjeselskap, oppkjøpsfond, konsortia, osv. *Individuelle føretak* er profittsøkjane verksemdar eigde av einskildpersonar, svarande til norske einpersonføretak.
- 73) Hayong Lee, op.cit. (note 70).
- 74) <https://pestakeholder.org/report/private-equity-giants-converge-on-manufactured-homes/>
- 75) Joint Center for Housing Studies of Harvard University, op.cit. (note 57), s. 2.
- 76) Ibid. s. 5.
- 77) Sophia Wedeen, *Black and Hispanic Renters Face greatest Threat of Eviction in Pandemic*, Harvard Joint Center for Housing Studies, 11.01.2121.
- 78) Diana Olick, *Nearly 20% of renters in America are behind on their payments*, CNBC, 25.01.2021. [https://www.cnbc.com/2021/01/25/nearly-20percent-of-renters-in-america-are-behind-on-their-payments.html?fbclid=IwAR3q0IcysDqoWqzDWTvmH571EWHS2AAfIZ3sm44U1VK6HgY\\_DsWxTDe6w](https://www.cnbc.com/2021/01/25/nearly-20percent-of-renters-in-america-are-behind-on-their-payments.html?fbclid=IwAR3q0IcysDqoWqzDWTvmH571EWHS2AAfIZ3sm44U1VK6HgY_DsWxTDe6w)
- 79) *Cashing in on Our Homes. Billionaire Landlords Profit as Millions Face Eviction*, Institute for Policy Studies m.fl., mars 2021.
- 80) National Alliance to End Homelessness, *State of Homelessness: 2021 Edition*.
- 81) Jf. Piketty op.cit. (note 27), s. 518–520 og 534.
- 82) Robert D. Putnam, *Our Kids*, op.cit. (note 25), s. 125–226. Dessutan: OECD, *Education at a Glance 2021*, s. 259.
- 83) Putnam, ibid. (note 25), s. 180–181.
- 84) Putnam, ibid. (note 25), s. 136–137. Dessutan: Ann Owens m.fl., «Income Segregation Between Schools and School Districts», *American Educational Research Journal*, bd. 53, nr. 4, august 2016, s. 1163–164
- 85) Owens m.fl. ibid., s. 1163–1165.
- 86) Putnam, op.cit. (note 25), s. 165.
- 87) Owens, op.cit. (note 84) s. 1159, 1162 og 1181.
- 88) Jf. James J. Heckman m.fl., *The GED*, NBER Working Paper 16064, juni 2010. Dessutan: Putnam, *Our Kids* op.cit. (note 25), s 184. High School tilsvarer omtrent den norske vidaregåande skulen.
- 89) Jf. Thomas Piketty, *A Brief History of Equality*, Harvard U.P., Cambridge, Mass. 2022, s. 177. Piketty viser at det er ein nær perfekt lineær samanheng mellom foreldra si inntekt og tilgang til høgre utdanning (college og oppover).
- 90) Putnam, op.cit. (note 25), s. 186.
- 91) Ibid., s. 185.
- 92) Jf. Josh Beach, «Free Tuition Won't Fix Community Colleges – Or Help Students», *Financial Poise*, 27.07.2021. Jf. også John Beach, *Gateway to Opportunity? A History of the Community College in the United States*, paperback, Stylus Publishing, Sterling, VA, 2011. Beach oppgir at ved eit typisk

«selective college» eller universitet er den årlege studieavgifta 10.500 dollar per år, medan dei fleste community colleges krev mindre enn 1000 dollar per år for studentar som må betale.

- 93) Putnam, op.cit. (note 25), s. 187.
- 94) Ibid., s. 255.
- 95) Ibid., s. 188 og 190. SES er eit kombinert økonomisk og sosialt mål på sosial posisjon. Det inkluderer inntekt, utdanning og yrke.
- 96) OECD, *Education at a Glance 2021*, s. 259.
- 97) Piketty, *Capital and Ideology*, op. cit. (note 27), s. 35 og 535.
- 98) Council on Foreign Relations, *Is Rising Student Debt Harming the U.S. Economy?* 13.04.2021. <https://www.cfr.org/backgrounders/rising-student-debt-harming-us-economy?gclid=>
- 99) Piketty, *Capital and Ideology*, op.cit. (note 27), s. 537-538.
- 100) Jf. særleg «Introduction» og Daniel Golden, «An Analytic Survey of Legacy Preferences», i: Richard D. Kahlenberg (red.), *Affirmative Action for the Rich. Legacy Preferences in College Admissions*, The Century Foundation Press, New York 2010, s. 71-99.
- 101) Jf. Piketty, *Capital and Ideology*, op.cit. (note 27), 538-539.
- 102) Eit blant svært mange eksempel: Douglas Hodge, tidlegare direktør for investeringsfirmaet Pimco, «betalte hundretusenvis av dollar for å få minst fire av sine sju born inn på topp-ti skular». <https://www.nytimes.com/news-event/college-admissions-scandal>
- 103) <https://striketracker.ilr.cornell.edu/> Jfr. også Espen Løken, «En positiv bivirkning», *Klassekampen*, 08.01.2022, s. 38-39.
- 104) Når det gjeld aksept av fagorganisering, jf. <https://news.gallup.com/poll/149279/Approval-Labor-Unions-Holds-Near-Low.aspx?version=print>
- 105) David Winston, *Placing Priority, Part III – The Democratic Party's Splintering Coalition*, Research Report from The Democracy Fund Voter Study Group, september 2018, tabell 2, s. 9.
- 106) Jf. «Partiet har snudd ryggen til arbeiderklassen», *Klassekampen*, 22.01.2022, s. 16.